

## SØVIK OG GAMLEM SMÅBÅTLAG

# REGLEMENT

Det skal til ei kvar tid være orden og reinsemd i hamneområdet. Ein ber derfor medlemmane om å rette seg etter følgende reglar:

### §1

Båtplassen skal nyttast av eigaren. Styret tildeler ledige båtplassar. Sal, overdraging eller framleige av båtplassar skal skje gjennom småbåtlaget til medlemmer etter ansiennitet. All framleige skal meldast frå til styret på førehand for godkjenning.

### §2

Båtane skal vere forsvarleg fendra og fortøygde. Fortøyingsutstyret skal godkjennast av hamnenemnda, og ein kan likeeins ikkje endre på ein båtplass utan godkjenning.

### §3

Alle medlemmane har plikt til å ha ansvarsforsikring for båtane sine. Dersom det skulle oppstå skade, pliktar vedkommande bådeigar/båtførar straks å rapportere dette til styret og evt. annan bådeigar.

### §4

Båteigaren /båtføraren skal vise aktsemd i hamneområdet, og bruke moderat fart. Aktivitetar på flytebryggjene og elles i hamneområdet som fisking, bading, dykking etc.- er ikkje tillatt. Alle må vise stor varsemd slik at uhell blir unngått.

### §5

All bosstømming i hamneområdet, inkludert molo, er strengt forbudt. Bålbrenning eller innlevering av brennbart materiale til jonsok-bål må ikkje skje utan at styret har gitt løyve til dette.

### §6

Hamnenemnda ser til at dei gjeldande reglane vert følgde. Brot på reglane skal meldast til styret som kan avgjere om vedkomande som bryt reglane, skal fråtakast båtplassen og visast bort frå hamneområdet.

### §7

Hamnenemnda og styret har full mynde til å oppretthalde orden og disciplin i hamneområdet.

### §8

Tvistar skal framleggjast for styret som avgjer saka etter beste skjøn.